

Kulturhistoriske registreringar

Planar for utviding av Haukeland skule, gnr. 163 bnr. 385,
Bergenhus, Bergen kommune

Rapport 67 - 2020



Vestland
fylkeskommune

Forord

Etter omorganiseringa av kulturminnevernet i 1990 vart ansvaret for automatisk freda kulturminne i plansaker overført til fylkeskommunane. I Vestland fylkeskommune er det Seksjon for kulturarv ved Avdeling for kultur, idrett og inkludering som utfører det kulturminnefaglege arbeidet. Planområda vert sjekka ut i høve til arkivopplysninga om kjente automatisk freda kulturminne. Det vert og gjort ei kulturminnefagleg vurdering om det må gjerast arkeologiske registreringar i felt.

Den arkeologiske registreringa i felt har som mål å finne ut om eit planlagd tiltak vil komma i konflikt med automatisk freda kulturminne (eldre enn 1537). I den grad tiltaket vil verka inn på nyare tids kulturminne vil desse bli kort omtalte.

Denne rapporten er utarbeidd på bakgrunn av arkeologisk registrering i felt. Rapporten gjev opplysningar om arbeidsomfang, utstrekning og karakter av registrerte kulturminne.

OM RAPPORTEN

Ansvarleg avdeling/eining: Avdeling for kultur, idrett og inkludering, Seksjon for kulturarv

Kontaktinformasjon/ e-post: post@vlfk.no

Dato: 18.12.2020

Innhald

1.	Samandrag	6
2.	Bakgrunn	6
3.	Kulturminne og kulturmiljø – nokre sentrale omgrep.....	9
4.	Metode	10
5.	Områdeskildring	11
6.	Tidlegare registreringar og funn i området	13
7.	Undersøkinga	20
8.	Konklusjon	27
	Referansar	28

Figurliste


Figur 1. Oversiktskart. Området der undersøkinga vart gjennomført er markert med raudt punkt.	7
Figur 2. Oversiktskart. Haukeland skule er markert med raudt punkt.	8
Figur 3. Oversikt over dei arkeologiske periodane.	9
Figur 4. Strandforskyvingskurve for området (etter Lohne 2006).....	11
Figur 5. Kart over området med tiltaksområda markert med raudt.	12
Figur 6. Flyfoto over området med tiltaksområda markert med raudt.	12
<i>Figur 7. Kjende kulturminne i nærliken av Haukeland skule. Undersøkingsområdet er omtrentleg markert med raud sirkel.</i>	13
<i>Figur 8. Kart over Årstad frå 1907. Svartediket oppe til høgre, Store Lungegårdsvann til venstre. Området der Haukeland skule ligg i dag er omtrentleg markert med raud sirkel.</i>	14
<i>Figur 9. Utsnitt av foto frå 1950. Fabrikken på biletet, Samuel B Meyers Lærfabrikk, ligg omlag der fotballbanen og størstedelen av skulebygget til Haukeland skule står i dag. Møllendalselva til høgre. Widerøe, marcus.uib.no.</i>	15
<i>Figur 10. Flyfoto over Årstad frå 1970. «Odontologen» følgjer vestsida av Årstadveien. Lærfabrikken står framleis på staden der Haukeland skule seinare vart oppført. Askeladden.ra.no.</i>	16
<i>Figur 11. Flyfoto frå 1970. Lærfabrikken er godt synleg. Askeladden.ra.no.</i>	17
<i>Figur 12. Flyfoto frå 1980. Lærfabrikken er riven og Haukeland skule er oppført. Askeladden.ra.no</i>	17
<i>Figur 13. Kart frå Byantikvaren i Bergen si undersøking i 2006. Arkeologisk registrering nr 3 2006,</i>	18
<i>Figur 14. Skisse over dei førhistoriske strukturane som vart gravne ut nord for Stemmeveien. Bygningane som sto på staden er markert med gjennomsiktig oransje. Illustrasjon frå Universitetsmuseet i Bergen.</i>	19
Figur 15. Foto tatt frå Stemmeveien mot Haukeland skule. Sjakt 1-3 vart grave bak plankegjerdet. Stemmeveien held fram mot Årstadveien til høgre i biletet. Google maps.	20
Figur 16. Oversiktskart over sjaktene som vart grave.	21
Figur 17. Oversiktsbilete, bakkeskråninga i nord. Sjakt 1 og 3 vart grave i skråninga, sjakt 2 vart grave på bakketoppen. Plankegjerdet i bakgrunnen grensar mot Stemmeveien. Foto mot nordvest.	21
<i>Figur 18. Oversiktskart som viser sjaktene som vart grave sett i samanheng med funnområdet nord for Stemmeveien (Askeladden-id 99509).</i>	22
Figur 19. Oversiktsbilete, sjakt 1 under graving. Foto mot aust/søraust.	23
Figur 20. Oversiktsbilete, sjakt 1 under graving. På toppen av bakken er det plassert sandkasse, benkar og bord. Foto mot aust/søraust.	23
Figur 21. Sjakt 3 under graving. Foto mot sør.	24
Figur 22. Sjakt 1 og 3 etter gjenfylling. Foto mot nordaust.	24
Figur 23. Sjakt 2 under graving. Foto mot søraust.	25
Figur 24. Oversiktsbilete, området der sjakt 4 vart grave. Foto mot sør. Haukeland skule til høgre i biletet.	25
Figur 25. Sjakt 4. Foto mot sørvest.	26

1. Samandrag


Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har gjennomført ei arkeologisk registrering på gnr. 163 bnr. 385, Haukeland skule, Bergen kommune. Føremålet med registreringa var å kartlegge eventuelle automatisk freda kulturminne på eigedomen. Registreringa vart gjort 09.12.2020 av Øystein Skår og Ambjørg Reinsnoss. Rapporten er skriven av Ambjørg Reinsnoss. Det vart grave tre maskinelle og éi manuell sjakt på staden. Det vart ikkje påvist automatisk freda kulturminne.

2. Bakgrunn

Bakgrunn for den arkeologiske registreringa var planar om utviding av Haukeland skule. Saksnummer i saka er 2020/74567.



Figur 1. Oversiktskart. Området der undersøkinga vart gjennomført er markert med raudt punkt.



Figur 2. Oversiktskart. Haukeland skule er markert med raudt punkt.

3. Kulturminne og kulturmiljø – nokre sentrale omgrep

Kulturminne er konkrete spor etter menneske som levde før oss. Dei omfattar òg stader det er knytt historiske hendingar, tru eller tradisjonar til, jf. kulturminnelova § 2, 1. ledd. Kulturminne kan til dømes vere hus, gravhaugar, tufter, båtar og vegar. Desse kan vere frå tidlegare tider eller frå vår eiga tid.

Med *kulturmiljø* er meint eit område der kulturminne er ein del av ein større heilskap eller samanheng. Kulturmiljø kan til dømes vere ein bydel, eit gardstun med landskapet ikring, eit fiskevær eller eit industriområde med fabrikkar og bustader, jf. kulturminnelova § 2, 2. ledd.

Eit stort tal med verdifulle kulturminne er freda. Gjennom kulturminnelova er kulturminne frå oldtid og mellomalder (inntil år 1537), ståande bygningar eldre enn 1650 og samiske kulturminne frå før 1917 automatisk freda. Lova inneheld òg eigne lovføresegner om vern av skipsfunn. Kulturminnelova § 4 inneheld ei liste av ulike typar kulturminne som er automatisk freda. I kulturminneforvaltninga vert det også ofte skilt mellom automatisk freda kulturminne, også kalla fornminne, og nyare tids kulturminne.

Arkeologiske periodar		Ukalibrert BP	Kalibrert BC/AD
Eldre steinalder	Tidlegmesolitikum (TM)	10 020 – 8900 BP	9500 – 8000 BC
	Mellommesolitikum (MM)	8900 – 7690 BP	8000 – 6500 BC
	Seinmesolitikum (SM)	7690 – 5230 BP	6500 – 4000 BC
Yngre steinalder	Tidlige neolitikum (TN)	5230 – 4700 BP	4000 – 3300 BC
	Mellomneolitikum, periode A (MNA)	4700 – 4100 BP	3300 – 2600 BC
	Mellomneolitikum, periode B (MNB)	4100 – 3800 BP	2600 – 2300 BC
	Seinneolitikum (SN)	3800 – 3500 BP	2300 – 1800 BC
Bronsealder	Eldre bronsealder (EBA)	3500 – 2900 BP	1800 – 1200 BC
	Yngre bronsealder (YBA)	2900 – 2440 BP	1200 – 500 BC
Eldre jernalder	Førromersk jernalder	2440 – 2010 BP	500 – 0 BC
	Romertid	2010 – 1680 BP	0 – 400 AD
	Folkevandringstid	1680 – 1500 BP	400 – 570 AD
Yngre jernalder	Merovingartid	1500 – 1210 BP	570 – 780 AD
	Vikingtid	1210 – 1000 BP	780 – 1030 AD
Mellomalder	Tidlig mellomalder		1030 – 1150 AD
	Høgmellomalder		1150 – 1350 AD
	Seinmellomalder		1350 – 1537 AD

Figur 3. Oversikt over dei arkeologiske periodane.

Dei fleste automatisk freda kulturminna er enno ikkje registrert. Det er ulike årsaker til dette. Mest vanleg er at dei ligg skjult under dagens markoverflate, eller at kulturminna er så overgrodd at dei ikkje lenger er synlege. Det kan òg skuldast at ein aldri har leita etter kulturminne i desse områda. Ettersom kartfesting og registrering av automatisk freda kulturminne aldri vil bli fullstendig, er ein i offentleg forvalting og arealplanlegging avhengig av den informasjonen og dei data kulturminnevernet får fram gjennom registreringsarbeidet. Ved planlegging av offentlege og større private tiltak pliktar den ansvarlege å undersøke om tiltaket vil virke inn på automatisk freda kulturminne, jf. kulturminnelova § 9. Ved andre tiltak som inneber endra arealbruk og inngrep i marka, er det arkeologiske undersøkingar etter § 11 i kulturminnelova som skal sikre at både kjente, og hittil uregistrerte automatisk freda kulturminne ikkje blir øydelagde som følgje av eventuelle brot på § 3 i kulturminnelova.

Kulturminne frå nyare tid (yngre enn 1537) har meir eller mindre stor verneverdi, men er med unntak av ståande bygningar eldre enn 1650 i utgangspunktet ikkje automatisk freda. Dei kan verte freda etter § 15 i kulturminnelova eller verte regulerte til vern med heimel i plan- og bygningslova. I SEFRAK-registeret er kulturminne frå før 1900 (hovudsakleg ståande bygningar) registrert. I nokre områder er òg kulturminne frå etter 1900 SEFRAK-registrert.


4. Metode

Sidan forhistoriske spor etter menneske ofte ikkje er synleg på markoverflata, vil registreringsmetoden vanlegvis innebere graving manuelt med spade, prøvestikking, eller ved hjelp av gravemaskin, maskinell flateavdekking. I område kor ein reknar med funn av synlege kulturminne vert det søkt i overflata. Ofte vert fleire metodar nytta på ei og same registrering. Kva metode som er vald avheng av topografi, høgd over havet og kva type kulturminne ein reknar med å kunne påvise.

Ved denne registreringa vart det nytta maskinell flateavdekking. Dette er ein arkeologisk registreringsmetode ofte nytta til å påvise automatisk freda kulturminne i dyrka mark. Metoden går ut på at ein fjernar jordlag med gravemaskin ned til undergrunnen eller til uforstyrra lag med funn av forhistoriske spor. Når den overdekkande jordmassen blir fjerna av gravemaskina, følg arkeologane maskina og reinsar fram den avdekkta flata for å påvise spor etter forhistorisk aktivitet. Slike spor er til dømes stolpehol og veggriller etter hus, kulturlag, ulike typar nedgravingar som kokegroper, eldstadar og graver, samt fossile dyrkingslag og ardspor etter forhistorisk jordbruk. Ved registreringa vert det opna opp søkesjakter i kring tre meters breidd og i varierande lengde.

Landskapet har endra seg mykje sidan forhistorisk tid, enten på grunn av landheving, eller ved at tidlegare tiders busetningsområde har gått ut av bruk og grodd att, eller ved moderne utbygging. For å


illustrere landhevinga, er det utarbeidd kurver over eldre strandlinjer for Hordaland (Lohne 2006; sjå også Rommundset 2005 og Vasskog 2006). Dette er ein god reiskap til å forstå landskapsendringar over tid. Strandlinekurver er òg ein metode ein nyttar for å datere forhistoriske lokalitetar innanfor ei gjeve ramme. Ei strandlinjekurve for det gjeldande området er vist på figuren under.




Figur 4. Strandforskyvningskurve for området (etter Lohne 2006).

5. Områdeskildring

Gnr. 163 bnr. 385 ligg omlag 600 meter nord for Haukeland sjukehus, på Årstad i Bergen kommune. Området er i dag utbygd til skule med uteområde. Skulebygget vart bygd i 1975, og uteområdet er i stor grad asfaltert eller tatt i bruk som fotballbane. Skuleområdet grensar mot Årstadveien i vest, mot Møllendalselva i aust og sør, og mot Stemmeveien i nord. Utvidinga av skulebygget er planlagt mot nord, aust og sør, sjå figur 5 og 6.




Figur 5. Kart over området med tiltaksområda markert med raudt.



Figur 6. Flyfoto over området med tiltaksområda markert med raudt.

6. Tidlegare registreringar og funn i området


Årstad er rikt på førhistoriske funn. Kongsgarden Alrekstad, ein av dei fem kongsgardane der Harald Hårfagre heldt seg mest på sine eldre dagar, skal ha lagt på Årstadvollen, truleg i området der Alrekstad skule ligg i dag (vist i skravur på kartet under). På 1200-talet vart det også oppført ei kyrkje på Årstad (Askeladden-id 222154).



Figur 7. Kjende kulturminne i nærleiken av Haukeland skule. Undersøkingsområdet er omrentleg markert med raud sirkel.

Det er gjort ei rekke arkeologiske funn i nærleiken av det gamle tunområdet på Årstad. Funna omfattar dyrkingsspor frå bronsealder (Askeladden-id 94777 og 91312) og yngre jernalder (Askeladden-id 95908), og ei kokegrop og ein gravhaug frå romartid (Askeladden-id 91314 og 113866, gravhaugen er fjerna). På ein lågare terrasse lenger vest er det kjend ein gravhaug frå jernalder (Askeladden-id 113867) og eit busetnadsområde med spor etter busetnad frå yngre steinalder, bronsealder og eldre jernalder (Askeladden-id 224929).

Det er også gjort arkeologiske funn aust for Årstadveien. Like nord for Haukeland skule, på nordsida av Stemmeveien, er det registrert spor etter busetnad i bronsealder og eldre jernalder (Askeladden-id 99509), og sør for Haukeland skule, ved Haraldsplass, er det påvist spor etter eit hus frå førromersk jernalder (Askeladden-id 104249).




Figur 8. Kart over Årstad frå 1907. Svartediket oppe til høgre, Store Lungegårdsvann til venstre. Området der Haukeland skule ligg i dag er omtrentleg markert med raud sirkel.

Årstad er i dag tett utbygd. På slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet vart det etablert fleire næringsverksemder i området, særleg langsmed Møllendalselva. På kart frå 1907 er ein «shoddyfabrikk» markert, og der Haukeland skule ligg i dag låg til dømes lenge Samuel B Meyers Lærfabrikk (sjå figur 8 og 9). Fabrikkbygningane til lærfabrikken vart rivne i 1970, då Haukeland skule skulle oppførast på staden.




Figur 9. Utsnitt av foto fra 1950. Fabrikken på biletet, Samuel B Meyers Lærfabrikk, ligg omlag der fotballbanen og størstedelen av skulebygget til Haukeland skule står i dag. Møllendalselva til høgre. Widerøe, marcus.uib.no.

Frå midten av 1900-talet vart det også etablert undervisningsbygg tilknytt Universitetet i Bergen på Årstadvollen. «Odontologen» vart oppført i 1962, eit anlegg som medrekna parkeringsplassar og uteområde tok opp mykje areal på vestsida av Årstadveien (sjå figur 10). Elles er området i stor grad prega av einebustader med hageanlegg.



Figur 10. Flyfoto over Årstad fra 1970. «Odontologen» følgjer vestsida av Årstadveien. Lærfabrikken står framleis på staden der Haukeland skule seinare vart oppført. Askeladden.ra.no.




Figur 11. Flyfoto fra 1970. Lærfabrikken er godt synleg. Askeladden.ra.no




Figur 12. Flyfoto fra 1980. Lærfabrikken er riven og Haukeland skule er oppført. Askeladden.ra.no

Tettleiken av førhistoriske funn på Årstad gjer at potensialet for å gjere funn av ukjende automatisk freda kulturminne er stor, også når undersøkingsområda er små og fragmenterte. I 2006 gjennomførte byantikvaren i Bergen ei arkeologisk registrering like nord for Stemmeveien, i samband med planar for utviding av Statsarkivet. Under registreringa vart det fjerna asfalt for å komme ned på jordlaga under, og fleire førhistoriske strukturar vart påvist på eit svært avgrensa areal (sjå figur 13). Under den påfølgande utgravinga som vart gjort av Universitetsmuseet i Bergen vart to brakker som stod på staden fjerna, og det vart påvist eit stort tal førhistoriske strukturar, mellom anna spor etter dyrking frå eldre bronsealder og førromersk jernalder, hus frå romartid og folkevandringstid, kokegropar, eldstader og omnsanlegg frå romartid, folkevandringstid og merovingartid (sjå figur 14).



Figur 13. Kart frå Byantikvaren i Bergen si undersøking i 2006. Arkeologisk registrering nr 3 2006.

th



Figur 14. Skisse over dei førhistoriske strukturane som vart gravne ut nord for Stemmveien. Bygningane som sto på staden er markert med gjennomsiktig oransje. Illustrasjon frå Universitetsmuseet i Bergen.

7. Undersøkinga

Den arkeologiske registreringa vart gjennomført av Øystein Skår og Ambjørg Reinsnos 09.12.20. Det vart opna fire sjakter på staden. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne.

Tilbygget på Haukeland skule er planlagt nord, aust og sør for dagens skulebygg, og omfattar to område som vist i figur 5. Det eine området ligg langsmed Stemmeveien i nord, medan det andre området ligg sør for dette og følgjer Møllendalselva i søraust.


Området som grensar mot Stemmeveien ligg i ei bakkeskråning som truleg er opprinnelig terrenget på staden, jamfør foto frå 1950 (figur 9). Bakketoppen er i dag noko utflata, og det veks nokre lauvtre her. Det er lagt grusdekke på eit mindre område der det også er plassert ut bord, benkar og ein sandkasse. Sjakt 1 og 3 vart grave i bakkeskråninga i retning nord-sør, og var omlag 7 meter lange og 2,5 - 3 meter breie. Både sjaktene vart grave omlag 40 cm djupe, og massane var her 10 cm torv over undergrunn. Undergrunnen var mørk til lys brun san/grus, blanda med opptil hovudstor stein og grus. Det var mykje stein i undergrunnen.

Sjakt 2 vart grave på bakketoppen, og vart grave manuelt, då bakkeskråninga var for bratt til at gravemaskina kom seg opp hit. Sjakt 2 var 1,4 x 1,3 meter, og omlag 10 cm djup. Massane var her rein, grå grus over same undergrunn som i sjakt 1 og 3.

Sjakt 1-3 var funntomme.




Figur 15. Foto tatt frå Stemmeveien mot Haukeland skule. Sjakt 1-3 vart grave bak plankegjerdet. Stemmeveien held fram mot Årstadveien til høgre i biletet. Google maps.



Figur 16. Oversiktskart over sjaktene som vart grave.




Figur 17. Oversiktsbilete, bakkeskråninga i nord. Sjakt 1 og 3 vart grave i skråninga, sjakt 2 vart grave på bakketoppen. Planegjerdet i bakgrunnen grensar mot Stemmeveien. Foto mot nordvest.



Figur 18. Oversiktskart som viser sjaktene som vart grave sett i samanheng med funnområdet nord for Stemmeveien (Askeladden-id 99509).



Figur 19. Oversiktsbilete, sjakt 1 under graving. Foto mot aust/søraust.




Figur 20. Oversiktsbilete, sjakt 1 under graving. På toppen av bakken er det plassert sandkasse, benkar og bord. Foto mot aust/søraust.



Figur 21. Sjakt 3 under graving. Foto mot sør.



Figur 22. Sjakt 1 og 3 etter gjenfylling. Foto mot nordaust.



Figur 23. Sjakt 2 under graving. Foto mot søraust.



Figur 24. Oversiktsbilete, området der sjakt 4 vart grave. Foto mot sør. Haukeland skule til høgre i biletet.

Sjakt 4 vart grave aust for skulebygget, på ein grasdekt flate. Sjakta var 7,5 meter lang og 2,8-4,2 meter brei. Sjakta vart opptil 70 cm djup. Massane var 10 cm torv over grove leire-/siltmassar med moderne, omrota preg. Det låg store steinar på omlag 60 cm diameter i massane, og det vart observert eindel raudtegl, glas og porselen. Sjakt 4 var funntom.



Figur 25. Sjakt 4. Foto mot sørvest.

8. Konklusjon

I samband med planar om utviding av skulebygget på Haukeland skule gjennomførte seksjon for Kulturarv ved Vestland fylkeskommune ei arkeologisk registrering på gnr. 163 bnr. 385, Bergen kommune. Registreringa vart gjennomført 09.12.2020 av Øystein Skår og Ambjørg Reinsnos. Det vart grave tre maskinelle og éi manuell sjakt på staden. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne.

Referansar


Lohne, Ø. 2006: *SeaCurve_v1 – Teoretisk berekning av strandforskyvningskurver i Hordaland frå UTM koordinater (excel-ark)*

Rommundset, A. 2005: *Strandforskyvning og isavsmelting i midtre Hardanger*. Masteroppgåve, Geologisk institutt, Universitetet i Bergen

Vasskog, K. 2006: *Holosen strandforskyving på sørlige Bømlo*. Masteroppgåve, Geologisk institutt, Universitetet i Bergen

Den nasjonale kulturminnedenasbasen «Askeladden» (Askeladden.ra.no)

Biletdatabasen til Universitetet i Bergen (Marcus.uib.no)



vestlandfylke.no